

Arkivsaknr                   PLAN-19/00460-17  
Saksbehandler             Kjell Grønsberg

Saksgang	Møtedato
Kommune- og byutviklingsutvalget	13.10.2020
Kommunestyret	28.10.2020

## **Plan 1856 - Detaljregulering for Eidhaugen – klage på vedtak**

### **Kommunedirektøren sin innstilling til vedtak:**

Klage av 16.06.2020 på kommunestyret sitt vedtak av 29.04.2020, detaljreguleringsplan 1856 Eidhaugen 88/12, vert ikkje tatt til følgje. Saka vert oversendt til Fylkesmannen i Troms og Finnmark for endeleg handsaming, i samsvar med plan- og bygningslova § 1-9 og forvaltningslova § 33 fjerde ledd.

Mari Enoksen Hult  
Konst. kommunedirektør

Mette Mohåg  
Avdelingsdirektør for bymiljø

## **Samandrag**

Tromsø kommunestyre vedtak den 29.04.2020, sak 33/20, forslag til detaljreguleringsplan 1856 Eidhaugen. Planen legg til rette for 19 bueiningar på eigedom 88/12 ved Ropnesvegen i Kaldfjord. Innanfor fristen for klageadgang kom det klage på vedtaket, då frå Kvaløya reinbeitedistrikt v/leiar Risten Turi Aleksandersen, samt frå reinutøvarane Risten Turi Aleksandersen og Reilulf Aleksandersen. Reindriftsavdeling hjå Fylkesmannen hadde ingen motsegner til planforslaget.

## **Klagen sitt innhald**

Reinbeitedistriktet og reinutøvarane peiker på tidlegare merknader i saka, kor det har argumentert for korleis dette tiltaket vil skada reindriften på Kvaløya. Den klare oppfatninga til distriktet og reinutøvarane er at dette tiltaket vil stenga ei flyttlei, som i følgje reindriftslova ikkje er lovleg. Utover dette er distrikt og reinutøvarane også svært kritisk til måten kommunen har handsama reindriftnæringa sin rettstryggleik på.

Det framkjem i klagen at kommunen ikkje har pålagt utbyggar om å inngå avtalar og få til ein plan med reindriften om avbøtande tiltak som faktisk fungerer for reindriften. Reindriften melder at dei ved fleire høve har påpeikt at for å få til ein tilfredsstillande avbøtande tiltak for denne utbygginga, må det avsettast grunn frå andre grunneigarar til at reindriften skal kunne setta opp gjerde for å sikra flyttleia. Reindriftsutøvar meiner at kommunen må pålegga utbyggar ansvaret om å kommunisera med reindriften om eventuelle avtalar om avbøtande tiltak. Dersom det er slik at kommunen ikkje har mynde til å setta dei krava som er nødvendige overfor utbyggar, talar det for at utbygginga ikkje kan gjennomførast fordi det fører til stenging av flyttlei. Det betyr difor at vedtaket må omgjerast, framkjem det.

## **Vurdering**

Klagen sitt innhald stemmer i alt vesentlege med klagaren sin merknad til offentleg ettersyn av planforslaget. Merknaden er handsama i tilknytning til endeleg vedtak. I planområdet er det satt av omsynssone for reindrift. I kommuneplanen og reguleringsplan er det føresegner som sikrar at flyttleier ikkje må stengast, jf. lov om reindrift § 22. I KPA framkjem det også at omsyn til reindriften skal vektleggast ved handsaming av søknad om tiltak eller utarbeiding av reguleringsplan. Klagepartar påpeikar ingen nye tilhøve eller moment som ikkje har vore vurdert i planprosessen. Klagen vert difor ikkje tilrådd tatt til følgje. Saka vert sendt Fylkesmannen i Troms og Finnmark for endeleg avgjerd.

## **01 Saksdokument**


- Planbeskrivelse med KU, 29.08.2017, revidert 21.05.2019
- Plankart, 25.06.2019
- Planbestemmelser, 13.01.2020
- Merknadsbehandling etter 2. gangs høring, 13.01.2020
- Aktuelle boligtyper, 21.05.2019
- Grønne interesser og kulturminner – illustrasjon, 21.05.2019
- Konsekvensutreiing reindrift, Rambøll januar 2017
- Landskapssnitt, 21.05.2019
- Oversiktskart
- Perspektivskisse, 21.05.2019
- Perspektivskisser, 21.05.2019
- Rammeplan for offentlige samferdselsanlegg og grønnstruktur (OSG), 28.05.2019
- VAO rammeplan, 04.09.2019
- VAO kart, 03.09.2019
- ROS-analyse, 05.12.2019
- Planskisse med situasjonsplan, 21.05.2019
- Registreringsrapport Kuturetaten, 17.10.2016

- Reinrekkled med oppsamlingssteder, 21.05.2019
- Situasjonsplan, 21.05.2019
- Sol- og skyggestudier, 21.05.2019
- Trafikksituasjon illustrasjon, 21.05.2019
- Uteromsplan, 21.05.2019
- Vurdering områdestabilitet, Multiconsult 29.08.2016

## 02 Bakgrunn og innhald

Planen legg til rette for utbygging av i alt 19 bueiningar fordelt mellom småhusbebyggelse og lågblokk med tilhørande trafikk, leike- og fellesareal. Talet på bueiningar er i tråd med gjeldande pendlarkvot for reguleringsplanar på Kvaløya. Atkomst til planområdet skjer via Ropnesvegen, med tilknytning vidare til fylkesveg 856. Sidan formålet krev endring av delar av området frå LNFR til bustader, er planområdet blitt konsekvensvurdert med omsyn til reindrift. Den søraustlege delen av planområdet er satt av til omsynssone for reindrift.

Planforslaget vart vedtatt lagt ut til offentleg ettersyn og 2. gangs høyring i møtet den 25.06.2019. Reinbeitedistriktet leverte merknader til planforslaget den 30.08.2019. Merknaden vart ikkje tatt til følge, og planforslaget vart vedtatt av kommunestyret 29.04.2020.



Oversiktskart med lokalisering av planområdet markert med raud sirkel

Reineigar har i brev 16.06.2020 påklaga planvedtaket. Klagen er rettidig levert. Her framkjem følgjande:

- Tiltaket vil stenga hovedflytteleia for flytting mellom sør og nord på Kvaløya. Flytteleier kan ikkje stengast utan at det vert gjort ekstraordinære vedtak om dette.
- Konsekvensutreiinga har konstatert at denne utbygginga har svært negativ verknad på reindrifta. Kvaløya reinbeitedistrikt har allereie store områder som er utbygd. Dette har gjennom år bidratt til å redusera beiteområdet kraftig. Dei kumulative effektane må vurderast ved alle utbyggingar.
- I vedtaket vert det synt til moglegheit for avbøtande tiltak. Utbyggar har ikkje vore i kontakt med reinbeitedistriktet om dette. Ein veit difor ikkje om det er mogleg å få til avbøtande tiltak som vil fungera for reindrifta, og som vil bidra med å sikra flytteleia.
- Tromsø kommune kan ikkje gjere vedtak som stenger ein heilt sentral flyttelei utan at reindrifta er sikra rettar ved til dømes ein avtale med utbyggar om avbøtande tiltak. Jamfør plan- og bygningslova er kommune pålagt til å taka omsyn til naturgrunnlaget for reindrifta når vedtak vert fatta.
- I denne saka har ikkje kommunen bidratt til å sikra vernet for flytteleia til reindrifta, og vedtaket må difor gjerast om.

### 03 Vurdering

Gjennomføring av reguleringsplan 1856 for Eidhaugen, medfører at det vil kome meir bebyggelse nært flytteleia for reindrift. I reguleringsplanen er gjeldande omsynssone for reindrift vidareført for å sikra at rein kan drivast forbi området. I konsekvensutreiinga framkjem det ikkje at utbygginga vil medføra at flytteleia vert stengt, slik det framkjem i klagen frå reinbeitedistriktet og reineigarane. Konsekvensutreiinga er likevel klar på at det bør etablerast avbøtande tiltak med blant anna etablering av permanent gjerdeanlegg og ledegjerde for å trygg flytting av rein. I konsekvensutreiingar framkjem det også at det bør inngå avtalar mellom reinbeitedistriktet og grunneigarar på begge sider av eidet, i og utanfor planområdet, slik at fri passasje i framtida vert sikra.

I føresegnene framkjem det at det innanfor området kan leggest til rette for samleanlegg for rein, med permanente gjerder. Området kan i kortare tidsperiodar også stengast for fri ferdsel, ved reinsamling, o.l.

I konsekvensutreiinga framkjem det at flytteleia ikkje blir brukt til kontrollert flytting i dag, men reinbeitedistriktet har opplyst at dette kan endra seg i framtida og at passasjen av den grunn ikkje må innskrenkast. I føresegnene er det ikkje gjort krav om at utbyggar før utbygging skal sikra å inngå avtalar med berørte grunneigarar for etablering av gjerde og ta kostnadane for dette, slik reinbeitedistriktet krev. Etablering av eit gjerdeanlegg i eit vidt område «i dag» for å sikra eit eventuelt framtidig behov for kontrollert flytting av rein, meiner administrasjonen vil vere utanfor rammene av kva denne detaljreguleringa skal kunne handtera. Under er det kartutsnitt der reinbeitedistriktet har teikna inn kor gjerdeanlegg bør etablerast på begge sider av fylkesveg 862.



*Reinbeitedistriktet sitt forslag til oppsamlingsgjerd og ledegjerde ved Eidhaugen merka med gul linje.*



*Reinbeitedistriktet sitt forslag til oppsamlingsgjerd og ledegjerde ved Storfjellet/Skaveldalen merka med gul linje*

Ved eventuelt framtidig behov for kontrollert flytting av rein og etablering av gjerdeanlegg langt utanfor denne reguleringsplanen sitt planområde, slik det framkjem i kartutsnitta over, vurderar administrasjonen at dette uansett må skje med grunnlag i breidare medverknad med andre berørte partar i området. Her har administrasjonen i saksframlegget også skrive at det i tilknytning til føreståande revisjon av kommuneplanen sin arealdel, vil vere behov for å vurdere desse problemstillingane for reindriften på Kvaløya.

#### **04 Konklusjon**

Klagen vert tilrådd ikkje tatt til følgje. Det føreligg ingen motsegner til planforslaget frå Fylkesmannen sin reindriftsavdeling. Saka vert oversendt Fylkesmannen i Troms og Finnmark for endeleg avgjerd.

## **Vedtakskompetanse**

Kommunestyret

### **Vedlegg**

- Klage på vedtak om plan om boligfelt ved Eidkjosen, 1856 Eidhaugen, Risten Turi Aleksandersen og Reiulf Aleksandersen, 16.06.2020
- Klage på vedtak om plan om boligfelt ved Eidkjosen, 1856 Eidhaugen, Kvaløya reinbeitedistrikt v/leiar Turi Aleksandersen, 16.06.2020